

## Fylkeskommunen sin klima- og miljøpris 2018 – innkomne forslag til kandidatar

Eksterne nominasjonar		
Nr	Kandidat	Informasjon/grunngeving (utdrag)
1	Karen Richardsen Moberg - Vestlandsforskning	Nominert på grunn av hennar evner til å formidle forskning, spesielt knytt til forbruk i hushald og private utslepp. Ho er flink, og presenterer forskning og engasjerer vanlege folk til å vere bevisst eige klimagassutslepp. Ho formidlar viktig forskning på ein forståeleg og interessant måte.
2	NorSun AS	NorSun AS produserer wafera (tynne silisiumskive) som går inn i produksjon av solceller. I dag forsyner NorSun AS 1,2 millionar hushald med fornybar energi. I tillegg kan NorSun AS dokumentera verdens lågaste CO2 avtrykk for wafer produksjon. Dette har NorSun AS sertifikat på frå franske myndigheiter.
3	Martin Malkenes	Inga grunngeving
4	Raudt Vågsøy	Inga grunngeving. Linka til ei nyheitssak og ein bildeserie på <a href="http://www.fjt.no">www.fjt.no</a>
5	Flora Røde Kors Hjelpekorps	Dei tek initiativ til rydding av hammnebasenget i Florø, og nyttar utstyr og klede som trengst i søk og redningsaksjonar. Dette er utstyr som må vere operativt, men blir fort slitt når ein tek opp gamle, rusta sykklar, handlevogner og mjølketraller.
6	In the same boat	Gjer en fantastisk innsats med rydding av strandsjøppel langs kysten vår, og bergensar dermed omfanget av maritim forsøpling.
7	Leif Arne Stavøstrand – Evoy	Tobarnsfaren som sa opp ein trygg og fast jobb som leiar ved oljebasen i Florø, for å utvikle eletriske, utsleppsfrie arbeidsbåtar og fritidsfarty. Dette er eit stort og viktig steg å gå mot ei grønar framtid på kysten, og eg mener han fortener all den ros og oppmuntring han kan få. Ved sida av dette er han på fritida engasjert i styret i Svanøy folkeakademi, som i ei årrekke har arbeidd med opplysningsarbeid omkring miljøspørsmål, plastinnsamling og klesbyte for å hjelpe miljøet.
8	Vie andelslandsbruk SA	Kring 100 menneske, fordelt på kring 45 andelar, har vore med i 2018. Alt frå småungar til besteforeldre. Vie andelslandbruk i Førde starta i 2016, og har eksistert i 3 sesongar, gjennom etableringsutfordringar i 2016, vekevis med regn i 2017 og tilsvarande med tørke i 2018. I tillegg til å gjere medlemmene glade, vere ein sosial møttestad og integreringsarena, er andelslandbruk ein del av løysinga både på miljøproblema og klimatrugsålet. Ein driv sjølvstekt utan sprøytemiddel og kunstgjødsel. Erosjon og utpining av matjord er eit stort problem verda over. Ein kreativ bonde, ein galen trønder, ein entusiastisk fysioterapeut og ein mangslungen gjeng med andre entusiastar var det som skulle til.
9	Naturvernforbundet (NVF) Sogn og Fjordane	Naturvernforbundet i Sogn og Fjordane har 620 medlemmer (november 2018), 50 fleire enn på same tid i fjor. Blir omtalt som Sogn og Fjordane-naturen sin advokat. M.a. samarbeider med Kystlotteriet for å rydde plast i heile fylket. NVF er ein organisasjon som bryr seg og uttrykker seg tydeleg i utbyggingssaker som går på utover miljøet og klimaet. Jobbar for å redusere matsvinn og samarbeider med andre lag og organisasjonar for å gjennomføre prosjekt og tiltak.
10	Firda VGS	Firda vidaregåande skule har med sitt fagmiljø og kompetanse innan klima- og miljø, vore ein motor og til stor inspirasjon for lokalt klimaarbeid. Gjennom prosjektet «Grøn skule» har dei vist eit imponerande engasjement for klimaomstilling. Dei har samarbeida med barnehagar og skular i kommunen om konkrete klimatiltak i den praktiske kvardagen og i undervisninga. Vidare har dei vore pilot for eit programfag i klima- og miljø i den vidaregåande skulen. Her har elevane fått kunnskap om klimaomstilling, og jobba med praktiske og teoretiske oppgåver på kva som kan gjerast. Er nominert av ein stolt og imponert ordførar. Skulen har vist engasjement, vore kreative, nyskapande og fått mange aktørar til å jobbe saman for å få til klimaomstilling. Skulen har samarbeida med lokalt næringsliv som SFE og Brødrene Aa for å m.a. lage flaumsimulator og Newtonrom på skulen. Gjennomførte i november 2018 ei klimakonferanse med 250 elevar og 100 vaksne som jobbar med klimaomstilling. Konferansen var til stor inspirasjon og formidla viktige budskap.

Interne nominasjonar		
11	Norsk Bremuseum og Ulltveit-Moe senter for klimaviten	(Nominert av Plansjef) Dei er eit leiande senter i Noreg på formidlinga av kunnskap om brear og klimaendringar. Senteret har hatt gode besøkstal i 2018, og er med i ulike FoU-prosjekt og bidreg i ein regional samanheng. Mellom anna «Grøn skule»-prosjektet til Firda VGS. Jobbar for tida med å lage ny panoramafilm om Jostedalsbreen saman med Falkeblikk Film Production, og har oppgradert det tekniske utstyret til framskrivning, alt med mål om å optimalisere opplevinga for dei besøkande.
12	Vestlandsforskning, forskingsgruppa på klima og miljø	(Nominert av Plansjef) I inngangen av 2018 var det 12 forskarar i gruppa. Instituttet utfører forskning og utviklingsoppdrag for offentlege og private verksemder, knytt til klimaomstilling, energi, transport og miljøvenleg næringsliv. Byggjer aktivt eit sterkt fagmiljø og kunnskap lokalt. Visjonen til VF er «kunnskap for eit ope og berekraftig Nyleg opna Norsk Senter for berekraftig klimatilpassing, og her har VF gjort eit stort og viktig lobbyarbeid for å få midlar over statsbudsjettet. Senteret skal jobbe med å kople forskning til arbeidet som skjer ute i kommunen og lokalsamfunna. Fylkeskommunen har vore inn med oppstartsmidlar til senteret, 500 000 + 1 200 000 kr.
13	Kystlotteriet, saman med Naturvernforbundet	(Nominert av Plansjef) Det starta med Aksjon plastpant, der dei 7 SUM-kommunane, med tilskot frå Sparebankstiftinga i Sogn og Fjordane, gav 100 kr i pant per sekk med plast folk rydda. FK og FM fylte på potten to gonger for at alle som hadde plukka boss skulle få utbetalt pant. I juni 2017 blei Kystlotteriet etablert i Sogn og Fjordane også, med utgangspunkt i Østfold sin modell. Grunnidé: Strandryddarar hentar spesialsekkar og lodd på utvalde stader i kommunen. Ein del av loddet vert hengande på sekken, den andre (kvitteringa) tek strandryddaren med seg. Dei som tek i mot/hentar sekkane riv av loddane og samlar dei opp. I vårt tilfelle vert det renovasjonsselskapa SUM, SIMAS, NOMIL og Flora kommune. Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane har løyvd 50 000 kr til Naturvernforbundet i Sogn og Fjordane til oppstart av Kystlotteriet. Plast på avvegar er eit globalt problem, og eit synleg problem for fjordane og kystlinja i Sogn og Fjordane. Plast på avvegar er eit internasjonalt problem, og svært synleg langs kysten og fjordane våre. Kystlotteriet er ein spanande måte å motivere til innsats over heile fylket, og er eit særst godt tiltak; både for å rydde opp i deler av problemet, men også for å gjere bossplukkarane meir bevisst i eigne handlingar. Det påverkar ein når ein er ute og ser kor mykje plast som endar opp i fjæresteinane våre, og ikkje minst tanken av kor mykje som framleis er att i havet eller havbotnen. Kystlotteriet Sogn og Fjordane og Naturvernforbundet Sogn og Fjordane gjer ein viktig jobb i møtet med det uendeleg store problemet, plast på avvegar.
14	Brødrene Aa	(Nominert av Næring og kultur avd.) Leiande innan lettvekts carbonfiberbåtar, i tillegg til å ha levert Vision og the fjords og Future of the Fjords. Den siste er ein heilelektrisk passasjer katamaran med fokus på sightseeing opplevinga til passasjerane og nullutslepp i drifta. Viser at lokale leverandørar kan levere varer på internasjonalt nivå i det grønne skriftet. Det siste spennende produktet Brødrene Aa har tatt frem er en «Powedock» som fungerer som flytebrygge og har en egen batteripakke om bord. Dette gjør det mulig og «tappe» jevnt fra nettet og sikre rask energioverføring når batteribåter kommer til kai. Veldig få plasser i Norge har ladeinfrastruktur tilpasset fremtidige behov for lading av batterifartøy. «Powerdock» er utrustet med tanker for mottak av Sewage og gråvann. Brødrene Aa har 170 fast tilsette. Ein har hovedproduksjon i Hyen i Gloppen kommune. Ein har i 2018 kjøpt verftsanlegget Norwegian Marine i Eikefjord for bedre å kunne betjene service og vedlikeholdsmarknaden. (Tekst henta frå <a href="https://siva.no/sivaprisen/brodrene-aa/">https://siva.no/sivaprisen/brodrene-aa/</a> )